

Kyrkjelydsblad  
for  
Arna

NR. 4

JUNI 1996

29. ÅRG.



*Foto: Jon Tesdal*

**Prestegarden i Indre Arna ferdig til innflytting**

## Hvordan bli rik i Gud?



Nå er vi kommet vel halvveis i dette kirkeåret. I det første halvåret har vi opplevd og feiret de tre store høytidene. Guds åpenbaring av seg selv som Fader, Sønn og Ånd er fullført. Treningssøndag, som vi nettopp har passert, er begynnelsen på det festløse halvåret. Tekstene markerte Den ene Gud, Frelsen i Kristus – og dåpen til tro i kirken.

Tiden etter pinse setter søkelyset på kirken og de kristnes liv i verden. Hva er det tekstene for kommende søndag (2. s. etter pinse) vil gi oss? Vi kan forberede oss litt før vi går til gudstjenesten og hører prestens tale og salmene som hører til. Teksten fra Det Gamle Testamente (Forkynneren 12,1-7) vil minne oss om å tenke på vår skaper før det er for sent. Livet kan snart ta slutt. I epistelteksten (1. Tim. 6) formaner Paulus oss til gudsfrykt med nøysomhet. Vi hadde ikke noe med oss til verden, og kan ikke ta noe med herfra. Kjærlighet til penger er en rot til alt ondt.

I evangeliet (Luk. 12) får vi et tydelig eksempel på hvordan det gikk med en som bare hadde tenkt på seg selv og på å samle seg skatter på jorden og ikke på å bli rik i Gud. Han hadde bare vært opptatt av å øke alt sitt for å få maksimalt ut av livet. Vi kjenner så godt denne fortellingen om den rike bonden. Kanskje vi synes synd på han? Kanskje vi tenker som så: han fikk som fortjent. Angår det meg? Å gå i dybden på en slik tekst er ubehagelig. Ja, det gjør vondt å la Jesus sette søkelyset på livet mitt. Jeg kjenner jo at jeg selv kommer til

kort – at jeg også er smittet av den syken som kalles havepsyken: å ville ha mer og mer.

Hvordan kan jeg klare å bli en god forvalter, være med på en rettferdig fordeling av livets goder? Dette er vanskelig. Blir det ikke alltid for lite det jeg gir – bare almisse? Har jeg noen gang «rett» til å ha en «god samvittighet»? Jeg har hørt at en alternativ gudstjeneste sluttet med ordene «Gå med uro. Tjen Herren med glede.» Er det en tankevekker? Mot likegyldighet? Men jeg tror jeg må se dette fra en annen vinkel – jeg har mer bruk for hjelp til å finne ut hva det er å bli rik i Gud, takke for rikdommen jeg vet at jeg har i ham og være med på å synge salmen Himmelske far du har skapt oss v. 3 og 4:

3.  
*Takk at du gav oss det største da menneskesønnen ble født!  
Han er vår bror og den første med fullverdige liv vi har møtt.  
Lær oss å ofre deg penger,  
vie deg krefter og tid  
så skal ditt rike nå lenger  
din hær rustes bedre til strid.*

4.  
*Aldri blir gaven vår verdig  
Vi vet det, men gir likevel.  
Soningens verk ble gjort ferdig  
av ham da han ofret seg selv.  
Nå kan vi tjene med glede,  
frikjent på grunn av din sønn.  
Himmelske Far, gjør oss rede  
til uselvisk offer og bønn.*

Eli Mohn

## Misjons teigen

### Bangladesh – kva skjer?



Det er fire år sidan me forlet Bangladesh og avslutta tenesta vår der ute. Me høyrer stadig frå dei som er der, og litt vil me gjerne dela med dykk her i Arna.

Noko av det mest gledelege som skjer der er ei bønnevekkjning som har gripe dei truande. Det starta med ein alkoholikar, Arun heiter han, oppgjeven av del fleste, men ikkje av Gud. Han vart omvend, og rundt han starta det ei bønnevekkjning som har ført til fornying og liv. Ordet vert forkynt, synd vert bekjend og tilgjeven, og sjuke vert friske gjennom forbøn. Ver med og be om at dette må spreia seg og ta fatt i fleire.


Dei siste åra i vår teneste der, arbeidde me mykje med at kyrkja sjølv skulle byrja misjon mellom unådde folkeslag, og det vart starta eit eige «misjonsselskap» for å ta seg av dette. Me opplevde aldri at det vart mykje «liv» i det prosjektet medan me var der. Ein av grunnane var at det var så mykje rot og problem i kyrkjeleinga, at det ikkje var råd å koma vidare. Nå har dette blitt ordna, og i dag har kyrkja sendt ut misjonærar til fleire folkeslag. Hajongane som bur heilt nord i landet, har fått sin misjonær, Sumindro Sangma. Til Manipur-stammen er det utsend to misjonærar. Dei har i desse dagar fått sin fyrste Bibeldel på eige språk, Lukasevangeliet, og arbeidet mellom dette folket er sær spennande for tida. Bønegruppa kring Arun, som eg nemnde tidlegare, er ivrig med i dette arbeidet.

Kyrkja på Vestfeltet har også starta sitt eige misjonsselskap. Dei driv arbeid

## – og Ordet bar frukt –?

Av Ottar Hope

mellom Bhuyiafolket, og deira misjonær er Nimai Das. Han sykklar rundt i deira landsbyar og har opne dører, men også mykje motstand. Slik er det når mørke og lys bryt krefter. Vær med i bønnetenesta for desse misjonærane. I Bangladesh bur det mange stammar/folkeslag, og alle skulle få høyra evangeliet på sitt språk. Nokre må gå med Ordet, og det at kyrkja sjølv har starta misjon er eit godt teikn. Det gjev gode signal for framtida. Me veit også at i Bangladesh er det stor motstand, mange vil gjera landet til ein fundamentalistisk islamsk stat, med sensur av Bibelen og dødsstraff for blasfemi. Midt i dette veks kyrkja, og personar grip trua og får del i evangeliet. Landet treng vår forbøn, og dei kristne ikkje minst. La oss stå med dei i bøn.



Pastor Juel Naeg, ein av leiarane i kyrkja, saman med kona Niyotti og sonen deira.

## Prestegarden i Indre Arna innflyttingsklar

Den 22. mai var soknerådet i Arna på synfaring i prestegarden. Representantar for byggjekomiteén kunne stolt vida fram resultatet av rehabiliteringa.

Medlemmene av soknerådet fylgde interessert med på vandringa gjennom dei nyoppussa romma, og formannen i byggjenemnda, Jens Martin Hauge, fortalde villig om det arbeidet som no var ført fram til slutten.

Når prestegarden i Indre Arna no kan takast i bruk att som prestebustad, har det ikkje budd prestefolk i huset sidan 1971. Då flytte dåverande sokneprest Einar Tesdal ut av prestegarden. I nokre år fram mot midten av 1970-talet nytta soknepresten kontoret i prestebustaden, men i om lag 20 år har huset stått tomt, bortsett frå ein periode då det budde ein leigebuar i andre etasjen. Så lenge denne leigebuaren heldt til i huset, vart huset spart for innbrot og hærverk. Få dagar etter at han flytta ut, braut tjuvar seg inn og knuste ei dør og stal ein av omnane i fyrste etasjen.

Etter kommunesamanslåinga i 1972 ville Bergen kommune ikkje kjøpa prestegarden av staten, som stod som eigar, men valde ei anna løysing for bustad til presten. Staten ville på si side ikkje rehabilitera prestegarden, då ansvaret for å skaffa presten bustad i bykommunar kviler på kommunen.

Prestegarden vart såleis i mange år ståande til nedfalls.

Prestegardstilsynet arbeidde for at bustaden skulle restaurerast, og etter at dei fleire gonger hadde vendt seg til departementet, lukkast det til slutt å få departementet med på å la Bergen kommune få overta prestegarden – på



Soknerådet på synfaring i den nyrestaurerte prestegarden.

vilkår av at han skulle nyttast som bustad for soknepresten i Arna. Det vart skipa til ein storstilt underskriftskampanje, der 2000 av innbyggjarane i bydelen oppmoda kommunen om å løyva pengar til rehabilitering av prestegarden. I 1993 kom så endeleg vedtaket om å setja i gang restaureringsarbeidet.

Det vart skipa ei lokal byggjenemnd, som har vore samansett slik: Jens Martin Hauge (formann), Aslaug Garnes Johnsen og Bjarte Gjellesvik. Det utvendes arbeidet stod ferdig hausten 1994. Innvendes arbeid kom i gang hausten 1995.

Laurdag 4. mai opna byggjenemnda dørene i prestegarden for bygdefolket, som var inviterte til å sjå den nyoppussa prestebustaden. Heile 400 personar nytta dette høvet.

### PROST KJELL NESE:

– Eg er glad for at spørsmålet om bruk av prestegarden som tenestebustad for soknepresten i Arna no er kome i orden. Heilt frå vi kom til Arna, har føresetnaden vore at vi skal flytta til prestegarden så snart han vart sett i stand. På den måten kan vi halda ved lag ein god tradisjon i Arna.

– Huset er tenleg og det ligg på ein fin eigedom, som er sentralt plassert i bygda.



## Presentasjon av søndagsskulane i Arna

### Hallo, alle barn i Ytre Arna

I Ytre Arna er det samla ein liten søndagsskulegjeng heime hos Solfrid Stein Plytten nr. 28.

Det er ca. 7-10 born, som er 3 år og eldre, som er trufaste og møter opp nesten kvar gong. Og søndagsskule er det annankvar veke frå kl. 11-12. Me har det veldig koseleg saman.

Først syng vi litt. Elin Aasgard er med som leiar, og ho spelar keyboard. Etterpå pleier Solfrid fortelja noko fra Bibelen. Det står mykje spennande i Bibelen! Så må vi gjera noko saman. Vi leikar, lagar noko, les bøker, e.l. Av og til får vi ein overraskelse. Alle borna får

klistremerke i kortet sitt kvar gong. Torill Aasgard er også med som leiar, og det er fint, for av og til er det mange som treng hjelp samstundes.

Nokre gonger er det lov å ta med heile familien på søndagsskulen. Då samlast vi lørdags ettermiddag i staden for søndag. Det har vore kjempekjette samlingar med ulikt program, kaffi, saft og mat høyrer alltid med.

Siste gongen før sommaren skal vi ha søndagsskule i «lie». Det gleder vi oss veldig til! Håper enda fleire born vil bli med i Plytten Søndagsskule. Det er god plass til fleire.

Første gong etter sommarferien blir 25. august kl. 11.00. Kjekt om nokon nye også kjem!

### Helsing Plytten Søndagsskule



Vi er denne gongen komen til Plytten Søndagsskule i Ytre Arna.

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Vollav. 31, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna**  
Jostein Aarvik  
Øvre Blekevei 27, 5003 Bergen  
Tlf. 55 31 48 06

**Kontorfullmektig Arna**  
Ella Kaaresen  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kyrkjetenar Arna**  
Svein Mjelde  
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland  
Tlf. 55 24 28 71

**Organist Ytre Arna**  
Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5090 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
Gudny Hundshamar Skorpen  
Alf Bondesvei 11, 5265 Ytre Arna

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
Sølvi Sæle  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

## Kyrkjelydshuset flittig i bruk

Ungdomsklubben Arken, Arna barnekanteri, «Klubben», Keryx, Nattkaféen, Arna kyrkjekor og Arna kammerkor er faste brukarar av kyrkjelydshuset.

Konfirmantopplegget er i stor grad også lagt hit. Festar og lovsongskvel- dar har også vore arrangert i kyrkjelydshuset.

Kyrkjekaffinemnda melder om 1 kyrkjefrukost, 1 kyrkjemiddag og 10 kaffisamlingar etter gudstenester dette året.

Økonomien er under kontroll.

(Frå Årsmeldinga for Arna sokneråd 1995)

## Arna kyrkjekor feirar 20-års- jubiléum

Arna kyrkjekor kunne i 1995 ha fei- ra sitt 20-årsjubiléum. På grunn av den ustabile dirigentsituasjonen vart feiringa utsett til våren 1996. Frå 1.1.96 er Jostein Aarvik dirigent for koret. Vi viser til eigen notis og utly- sing av koret sin jubiléumskonsert 9. juni.

### ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 34 02 15.

Kontortid: Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

## «VISST SKAL VÅREN KOMME» – Storsatsing i kyrkjekora –

Den 9. juni er alt klart for Arna kyrkjekor sin 20-års jubileums- konsert. Då skal kyrkjekora frå Indre og Ytre Arna framføra sangsyklu- sen «Visst skal våren komme» til tek- star av Eyvind Skeie og musikk av Sigvald Tveit.

Utgangspunktet for verket er Jonannes openberrig. Tekstane omfat- tar alt frå dramatiske undergangsvisjo- nar til draumar om ein ny himmel og ei ny jord. Gjennom alt ser vi Den Store

Meister; Lammet, han som er byrjinga og enden. Det er Kristusvisjonen som held alle dei sprikande bileta frå open- berringsboka saman. Liksom Johannes fann von og trøyst i denne visjonen, kan vi og i Kristus augne von for framtida.

Kyrkjekora har med Eli Johanne Rønnekleiv (sopran) og Trygve-Helge Kleppestø (baryton) som solistar. Gunnar Bjelland har sett saman orkes- tret og Jostein Aarvik er dirigent.

## «Visst skal våren komme»

Musikk: S. Tveit. Tekst: E. Skeie

Konsert med Arna og Ytre Arna kyrkjekor  
i Arna kyrkje

**SØNDAG 9. JUNI KL. 19.30**

Solistar: E. Rønnekleiv og T.H. Kleppestø  
Resitasjon Olav Vikse  
Orkester v/Gunnar Bjelland  
Dirigent: Jostein Aarvik

Bill. kr. 50,-. Familiebillett kr. 100,-.

**Arr.: Arna kyrkjekor**

# REPORTASJE

(Fra avisa «Jerusalems Posten», laget av en gruppe av konfirmantene i løpet av våren.)

## Nye opptøyer i Jerusalem

### I Jerusalem er det nå iferd med å bli nye opptøyer

Disse ser ut til å bli langt verre enn de forrige. Grunnen er at folkemengden på søndag forsøkte å gjøre en stor profet, Jesus fra Nasaret, til konge. Da han selv ikke ønsket å være konge bruker nå de religiøse lederne folket til å få Jesus dømt til døden.


Rykter blant soldatene går ut på at Pilatus vil prøve å gjøre seg populær hos den gamle keiseren Tiberius og at de som vil ha Jesus dømt vil bruke dette som pressmiddel overfor Pilatus. Det sies at Tiberius for tiden er i meget dårlig humør, (dette er jo ikke noe nytt), derfor er det viktig at det ikke kommer ugunstige meldinger fra denne delen av romerriket. Det går nå for seg store diskusjoner i det høye råd. Det blir påstått at Jesus fra Nasaret har sagt at han skal stå opp fra de døde. Sadukeerne ler av det hele mens fariseerne mener at en oppstandelse skal komme.

Dette raske intervjuet fikk vi med Pilatus like etter at soldatene førte Jesus ut for å bli korsfestet.

– Tror du Jesus har sammenheng med disse samaritanene som du har fått henrettet i det siste?

– Nei, da Jesus er fra Galilea kan jeg ikke tenke meg at han kan samarbeide med noen fra Samaria.

– Du mener altså at dette er en enkelt persons påfunn?



(Arkivbilde: Personene på bildet er ikke identiske med personene i historien.)

– Tja, de religiøse lederne mener at han samarbeider med personer som vil styrte keiseren.

– Hadde det ikke vært bra å få en ny keiser nå da?

– Ingen kommentar.

– Tror du det nå er slutt på denne bevegelsen etter at Jesus nå blir henrettet?

– Ja, det er helt sikkert. Dere så jo hvor redde tilhengerne hans var. De kommer nok ikke til å prøve seg på noe heretter.

Prestskapet vil også passe på at denne bevegelsen ikke får spre seg.

## Fem på gata

For å finne ut hvilke forhold de unge har til Jesus dagen etter henrettelsen hans, tok vi oss en tur til Jerusalem folkeskole. Vi stilte alle samme spørsmål og her er resultatene:

**Hvilket forhold har du til Jesus?**

*Timitrius, skoleelev:* Eg føler stor lykke når eg ser han helbreder mennesker.

*Simon, lærer (bøddel på fritiden):* Det kan ikke aksepteres at det er hungersnød, sult, krig og vold. Det er altfor mye urettferdighet. Hvorfor grep han ikke inn?

*Maria, elev:* Egentlig hadde jeg ikke noe forhold til ham.

*Vitirus, prest og lærer:* Eg var glad i ham som en venn.

*Stefan, elev (kamelkjørelærer på fritiden):* Bra at han ble dømt. Jeg har aldri likt ham.

Resultatet var ikke uventet. Meningene om Jesus er veldig delte. Mange er lettet over at Jesus er henrettet, og mange er triste. Om han var Guds sønn vil tiden vise.



(Arkivbilde: Personene på bildet er ikke identiske med personene som ble interjuvet.)

## LEIR 1996

Det er lagt opp til tre sommerleirer på Wallemtnet i 1996.

<b>Leir 1:</b>	<b>24.-28. juni</b>	<b>9-12 år</b>
<b>Leir 2:</b>	<b>28. juni - 2. juli</b>	<b>9-12 år</b>
<b>Leir 3:</b>	<b>2.-6. juli</b>	<b>12-15 år</b>

Alle som melder seg får brev med nærmere opplysninger i begynnelsen av juni.

Hver leir begynner med samvær om kvelden. Så er vi sammen tre hele dager – med hjemreise neste morgen. Det er reiseleder med bussen fra og til Bergen.

**Pris: Kr. 350,-. Av disse sendes kr. 50,- ved innmelding.**

Innmelding til  
Bergens Søndagsskolekrets  
Ø. Korskirkealm. 5  
5017 Bergen. Tlf. 55 31 20 32



**VELKOMMEN TIL SOMMERLEIR!**

## Velkommen til sommarleir i Sætervika

21.-24. juni	8-10 år	kr. 380,-
24.-27. juni	10-12 år	kr. 400,-
27.-29. juni	7-10 år	kr. 260,-
1.-5. juli	12-14 år, Aktivitetsleir	kr. 620,-
5.-8. juli	Generasjonsleir	kr. 290,-/500,-
29/7-2/8	8-12 år, ferieleir	kr. 520,-
2.-7. aug.	14-18 år, Interesseleir	kr. 760,-
7.-11. aug.	10-14 år, Ferieleir	kr. 540,-

KANO – BÅT – BADELIV – TARZANLØYPE – TRAMPOLINE  
SLENGTAU – NATURSTI – BALLPLASS – SPEL – LEIKAR

Sætervika Ungdomssenter ligg fint til ved Samnangerfjorden.  
Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og Misjonsarbeidet.

**Påmelding/nærmare opplysningar:**  
NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND,  
Ø. MURALM. 18, 5012 BERGEN  
TLF. 55 32 12 52

## KYRKJELYDSTUR

### Søndag 25. august

I år går turen til Botn i Norheimsund. Vi planlegg å ta buss til Norheimsund eller Vikøy kyrkje. Etter gudstenesta går turen vidare med båt inn i Botn. På båten tek vi kyrkjekaffi med servering av kaffe og lefse.

Ungdom frå Arna ten-sing og Betania vert med og syng. Vi håpar sjølsagt på sol og varme, og bed difor kvar ein-skild ta med pølser, drikke og elles det ein måtte ynskje til grilling.

vi vil finne på mykje kjekt. Det vert mogleg å bade, spele fotball, slappe av + andre aktivitetar og konkurransar.

Prisen for turen vert:  
Songarar: 50 kr.  
Einslege 150 kr.

Familie 300 kr.  
Ektepar 250 kr.

Set av denne dagen, og møt fram saman med venner, familie og godt humør kl. 09.15, så set vi i gang kl. 09.30. Vi er tilbake ettermiddag/kveld.

Alle er hjarteleg velkomne, og vi gler oss til å sjå akkurat deg!!

Vi ynskjer at de melder dykk på innan 15. august.

*Venleg helsing  
turkomitéen*

\*\*\*

## Sommeren med Det Norske Misjonsselskap på Kvamsseter!



### For de yngste

Leir 1	22.-26. juni	4.-7. klasse
Leir 2	27.-30. juni	1.-3. klasse
Leir 3	1.-5. juli	4.-7. klasse
Leir 4	8.-12. juli	4.-6. klasse (Brandøy!)
Leir 5	25.-28. juli	Villmarksleir
Leir 7	5.-9. august	1.-3. klasse

### For de eldste

5.-9. juli	Pensjonistferie
16.-18. august	Sommermøte – som avsluttes med Misjonscenterdagen
18. august	

### For alle generasjoner

Leir 6 1.-4. august Barnebarn-/besteforeldreleir

**For nærmere opplysninger og påmelding – kontakt  
NMS kretskontor, tlf. 55 31 00 61**

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døpte

#### Arna sokn:

- 14.04: Christine Sivertsen Akselberg,  
Pål Erik Jensen, Lars Molde-  
kleiv Sandal, Vegard Hauge  
Svartveit og Patrick Trefall.  
12.05: Tor Andre Venheim Vinje,  
Oda Magnussen Garnes og  
Hanne Karin Drangsholt Rasch.  
19.05: Ronnie Fjæreide Myhre,  
Kristine Horvei, Steffen Hoff,  
Hanne Hartveit, Ørjan Knutsen  
og Simen Davidsen Raa.

#### Ytre Arna sokn:

- 21.04: Steffen Haukefær Grøttå,  
Caroline Gjerstad, Fredrik Vatle.



### Vigde

#### Arna sokn:

- 13.04: Stig Tore Anthun og Monica  
Tøsdal Larsen  
04.05: Bjørn Erik Svanevik og  
Birgitte Alfheim  
11.05: Tore Rødland og Janne Øvreås

## Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet kjem  
etter planen ut 11. september.  
Innleveringsfrist for stoff er sett til  
**27. august.**

### † Døde

#### Arna sokn:

- 29.03: Sigvald Andreas Hartvigsen,  
f. 1925  
01.04: Ragnhild Haugen, f. 1917  
08.04: Gudrun Knutsen, f. 1906  
26.04: Magnus Legreid, f. 1896  
30.04: Reidar Odd Rebnord, f. 1933  
30.04: Constanse Hals, f. 1905  
04.04: Margit Henrikke Rødland,  
f. 1911  
06.05: Johanne Alette Moen, f. 1917  
**Ytre Arna sokn:**  
29.03: Sigvald Hartvigsen, f. 1925  
06.04: Ingeborg Fotland, f. 1913  
03.05: Anton Brandsdal, f. 1926

## Kyrkjeskys Haukeland/Unneland

09. juni: Jens Hauge tlf. 55 24 01 43  
16. juni: Nils Minde tlf. 55 24 01 54  
23. juni: Berit Haugsvær  
tlf. 55 24 08 15  
30. juni: Oddmund Sjoldal  
tlf. 55 24 28 7  
07. juli: Sverre Myklebust  
tlf. 55 24 29 05  
14. og 21. juli: Fellestid  
28. juli: Ingrid Hope tlf. 55 24 08 08  
04. aug.: Jens Hauge  
11. aug.: Nils Minde  
18. aug.: Berit Haugsvær  
25. aug. Oddmund Skjoldal  
01. sept.: Sverre Myklebust  
08. sept.: Ingrid Hope

## Ofringar

#### Arna sokn:

- 14.04: Barne- og  
ungdomsprosjekt kr. 3.207,00  
21.04: Kyrkjelyds huset kr. 2.545,00  
24.04: Barne- og  
misjonsprosjekt kr. 876,50  
28.04: Norges Kr. Stud.  
og Sk.ungd.lag kr. 3.434,50  
29.04: Barne- og  
ungdomsprosjekt kr. 757,00  
02.05: Barne- og  
ungdomsprosjekt kr. 1.865,00  
05.05: Kl. 10.00  
Kyrkjelydsarbeidet kr. 3.105,50  
05.05: Kl. 12.15  
Kyrkjelydsarbeidet kr. 4.415,00  
12.05: Kl. 10.00  
Kyrkjelydsarbeidet kr. 3.646,00  
12.05: Kl. 12.15  
Kyrkjelydsarbeidet kr. 4.446,00  
16.05: Bjørgvin Familie-  
rådgivingskontor kr. 2.320,50  
17.05: Arna Sønd.sk.lag kr. 2.373,00  
19.05: Dei fire  
diakoniinst. kr. 3.082,00

#### Ytre Arna sokn:

- 14.04: Kr. kringk.lag kr. 1.306,00  
21.04: Kyrkjel.huset kr. 1.753,50  
28.04: Kyrkjel.arb. kr. 2.266,00  
01.05: Kr. arb. forb. kr. 686,00  
05.05: Kyrkjel.arb. kr. 2.262,00  
12.05: Kyrkjel.huset kr. 1.422,50  
16.05: Bjørgv. fam.r.knt. kr. 1.036,00  
05.05: KFUK - KFUM kr. 1.220,00

## Sommarferie for prestane

Kapellan Trygve Johansen har ferie frå  
24. juni - 21. juli.  
Prost Kjell Nese har ferie frå 22. juli -  
18. august.  
Dei som i ferietida ringjer til eitt av  
prestekontora utan å få svar, vert opp-  
moda om å prøva det andre prestekon-  
toret.

## Retting av telefonnr.

Kontaktpersonen for diakoniutvalet i  
Arna si besøksteneste, Klara Ulveseter,  
hadde i førre nummer fått feil telefon-  
nummer.  
Rett telefonnr. skal vera **55 24 09 65.**

## Prestane i Arna fyller 110 år

Søndag 30. juni har begge prestane  
i Arna runde dagar.  
Sokneprest Nese fyller den dagen  
60 år, og same dagen fyller kapel-  
lan Trygve Johansen 50 år. Vi yns-  
kjer dei begge hjarteleg til lukke!  
Prestane inviterer til kyrkjekaffi i  
Arna Bedehus etter gudstenesta.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

**55 90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23



## KIRKENS SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 55 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
mandag til fredag

## RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS

Soneterapeut Øreakupunktur



Moldalia 28B  
5230 Espeland  
Tlf.: 55 24 00 83

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**

## FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere


Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41

*Erik Stephansen*  
trafikkskole

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**55 24 25 95**



5260 Indre Arna

## Frødis SALONGEN

Garnesveien 41 – Indre Arna

Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og samlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## Din lokale storbank i Arna!

## KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

*Kleveland A.S*  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antenner,  
også TV 2.

**Litangen**  
**Husholdningsservice,**  
**Garnes**  
**Telefon 55 24 02 87**



## VELKOMEN TIL KYRKJE

- 09.06:** 2. s.e. pinse – Luk. 12, 13-21  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Arna kammerkor. Takkoffer til Barnehagen.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Korarbeidet i kyrkja.
- 16.06:** 3. s.e. pinse – Luk. 19, 1-10  
**Arna kl. 11.00:** FAMILIEGUDSTENESTE. Kap. Trygve Johansen. Dåp. Arna Barnekantori. Takkoffer til Misjonshøgskulen.  
**Trengereid kl. 11.00:** Sjøforsvarsprest Leif Tore Michelsen. Takkoffer til Kristelig kringkastingslag.
- 23.06:** 4. s.e. pinse – Luk. 19, 1-10  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjektet.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Det Hvite Bånd.  
**Takvam kl. 15.30:** Samlingsstund m/ymse innslag. Gjester frå Jordalen.
- 30.06:** 5. s.e. pinse – Joh. 8, 2-11  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese og kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Blå Kors. Kyrkjekaffi i Arna Bedehus i samband med at prestane har åremålsdagar.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
- 07.07:** 6. s.e. pinse – Matt. 16, 13-20  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Kor. Takkoffer til Santalmisjonen.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Gudsteneste. Takkoffer til den norske Santalmisjonen.
- 14.07:** 7. s.e. pinse Matt. 16, 24-27  
**Arna kl. 11.00:** Sjøforsvarsprest Bård Boye. Dåp. Takkoffer til Arna kvite band.  
**Trengereid kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Takkoffer til Norges kr. skole- og studentlag.
- 21.07:** 8. s.e. pinse – Jes. 49, 13-16  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Navigatørene.
- 28.07:** 9. s.e. pinse – Matt. 7, 21-29  
**Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjekt.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Gudsteneste. Takkoffer til Den norske Tibetmisjon.  
**Takvam kl. 16.00:** Olsokgudsteneste.
- 04.08:** 10. s.e. pinse – Luk. 12, 42-48  
**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Olav Seim. Nattverd. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin bispedømmeråd.
- 11.08:** 11. s.e. pinse – Joh. 6, 66-69  
**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Olav Seim. Dåp. Takkoffer.  
**Trengereid kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer.
- 18.08:** 12. s.e. pinse – Matt. 21, 28-31  
**Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Studentprest Ivar Smedsrød. Takkoffer til Arna og Åsane prosti.
- 25.08:** 13. s.e. pinse – Matt. 12, 33-37  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen og kretssekr. Vestheim. Nattverd. Takkoffer til Den Indre Sjømannsmisjon.
- 01.09:** 14. s.e. pinse – Matt. 5, 43-48  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Presentasjon av konfirmantar. Dåp. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi for konf. foreldre.
- 08.09:** 15. s.e. pinse – Joh. 5, 1-15  
**Arna kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen og kateket Erik Rodal. Presentasjon av konfirmantar. Dåp. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.
- 15.09:** 16. s.e. pinse – Luk. 10, 38-42  
**Arna kl. 11.00:** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.  
**Trengereid kl. 11.00:** Kap. Trygve Johansen og kateket Erik Rodal. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer.
- 21.09:** **Arna kl. 17.00:** Misjonærvigslé.
- 22.09:** 17. s.e. pinse – Luk. 7, 11-17  
**Arna kl. 11.00:** FAMILIEGUDSTENESTE. Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00:** Jubileumsgudsteneste. Kap. Trygve Johansen. Kyrkjekoret. Arne Sangforening, Arne Musikforening. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Kyrkjekaffi i Sentrum.